

Nettverk for Auka bruk av tre i offentlege bygg - Møre og Romsdal

Tredrivaren i Møre og Romsdal og Nasjonalt program for Leverandørutvikling inviterer til oppstart for «Nettverk for berekraftige bygg i Møre og Romsdal» Målsettinga er fleir og meir berekraftige bygg i Møre og Romsdal.

- Offensiv og målretta byggpolitikk saman med bestillerkompetanse er ein nøkkel i det grønne byggsiftet.
- Offentlege innkjøp er kommunanes «marknadsmuskel» i realiseringa av det grønne byggsiftet, innovasjon og sirkulær økonomi.

Dato: 31/8, kl. 10 - 15

Stad: Quality hotel Alexandra, Molde.

Påmelding: Seinast 10.8.2017, samlingane er gratis.

Ansvarleg: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Målgruppe

Prosjektleiarar for byggeprosjekt, leiare for utbyggingsavdelinga/ eigedom /kommunalteknikk, rådmenn og politikarar, andre administrative representantar som er involvert i vedtaks-, innkjøps- og investeringsprosessar i kommunane.

Føremål

Klima- og energiplanen for Møre og Romsdal har mål om å redusere klimagassutslepp med minimum 10 % innan 2020 basert på nivået i 2009. Eit av tiltaka for å nå målet er å auke bruken av tre som byggemateriale.

Ein offensiv og målretta byggpolitikk legg til rette for utvikling og endring i ei byggenæring på veg inn i lågutsleppssamfunnet. Offentlege innkjøp er peika på som eit viktig verktøy for å nå dei nasjonale klimamåla. Det vurderast om regjeringa skal krevje at ein viss del av offentlege anskaffingar skal gå til innovative, klimavennlege løysningar i Klimameldinga. Slik kan dei stimulere til høgare hastighet for realisering av det grønne skiftet og sirkulær økonomi.

Byggenæringen er ein av landets største næringar og omfattar våre største nasjonale investeringar. Det er viktig å gi disse investeringane en «retning» som bidrar til ein meir berekraftig utvikling og overgang til lågutsleppssamfunnet.

Mål

Prosjektet skal legge til rette for at offentlege byggherrar kan velje kostnadseffektive løysingar som samtidig er miljø- og klimarett. Prosjektet skal bidra til å bygge kompetanse hos nøkkelpersonane, og å etablere nettverk og møteplassar for å dele erfaringar.

Bidra til at fleire offentlege byggherrar bygger berekraftig ved å styrke kompetansen om tre som byggemateriale og innovative anskaffingar, samt etablera nettverk for kunnskapsdeling og felles kunnskapsbygging for å redusera klimagassutslepp frå offentlege bygg.

Påmelding

Samlingane er gratis, men reisekostnad dekkes av arbeidsgjevar. Det er elektronisk bindande påmelding innan 10. august 2017. Påmeldingsskjema finn du lenger ned på denne sida. Spørsmål knytt til påmeldinga di kan rettast på e-post til fmmrkurs@fylkesmannen.no eller på telefon 71 25 85 05/71 25 84 99.

Kontaktperson for spørsmål om fagleg innhald:

Christina Qvam Heggertveit: christina.qvam.heggertveit@fylkesmannen.no, dir. 71258572.